

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø og Jarlaug Elsa Lauritsen, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/3913-3

## Budsjett 2017 / Økonomiplan 2018-2020 - næring og kultur

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar:

<b>Programområde 400 – Politisk styring</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,250	1,850	1,850	1,850	1,850
<b>Sum</b>	<b>1,250</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLEVET</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar	31,000	30,900	30,600	30,600	30,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	1,140	10,277	4,140	4,140	4,140
7012 – Bransjeretta satsingar	9,830	8,530	8,410	8,490	8,570
7015 – Nyskaping	21,000	21,214	21,634	21,554	21,474
7018 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 – Andre næringsområde	2,842	2,977	2,977	2,977	2,977
7019 – Kontorbudsjett	9,696	9,346	9,346	8,946	8,946
<b>Sum</b>	<b>81,333</b>	<b>89,069</b>	<b>82,932</b>	<b>82,532</b>	<b>82,532</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,760	0,800	0,800	0,800	0,800
<b>Sum</b>	<b>1,860</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 - Kultur</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7400 – Bibliotek	5,882	5,582	5,382	5,382	5,382
7500 – Kulturminnevern	7,153	6,203	6,203	6,203	6,203
7600 – Museum	17,454	14,977	14,877	14,877	14,877
7710 – Kunstformidling	4,940	4,640	4,940	4,940	4,940
7720 – Kunstproduksjon	11,605	11,510	10,710	10,710	10,710
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	2,105	1,505	1,505	1,505	1,505
7900 – Andre kulturaktivitetar	7,771	4,848	4,848	4,848	4,848
7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,245	5,545	5,545	5,545	5,545

7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,003	5,003	5,003	5,003	5,003
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,188	1,188	1,188	1,188	1,188
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,239	3,239	3,239	3,239	3,339
<b>Sum</b>	<b>72,585</b>	<b>64,240</b>	<b>63,440</b>	<b>63,440</b>	<b>63,440</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4802 – Folkehelsearbeid	4,725	1,500	1,500	1,500	1,500
4802 – Kontorbudsjett	0,806	0,806	0,806	0,806	0,806
<b>Sum</b>	<b>5,531</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

#### Vedlegg:

1. Notat preså Kornfond og Fjord Invest Såkorn
2. Notat Hafstadparken
3. Saksutgreiing Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark HNK-sak 38/16
4. Søknad frå Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. [Møteprotokoll HNK-sak 38/16](#)

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Hovudutvalet skal i denne saka handsame samla prioritering og tilpassing til rammene på eigen sektor. I dette ligg å gje signal om dei prioriteringar som er lagt fram i saksframstillinga, og vurdere framlegg til fordeling innafor programområda. For 2017 legg vi fram ei skisse til detaljbudsjett.

Større søknader og innspel blir også omtala og vurdert i denne saka.

### **2. Bakgrunn for saka**

#### **2.1 Budsjettprosessen**

Budsjettet for 2017 blir endeleg fastsett av fylkestinget i møte den 6. desember 2016.

#### **2.2 Tema for denne saka**

Innhaldet i saka ser slik ut:

1. Samandrag
2. Bakgrunn og saksgang
3. Felles innleiing frå fylkesrådmannen
4. Finansiering av sektoren
5. Kontraktar og avtaler med eksterne partar
6. Søknader og innspel

7. Prioriteringar innafor sektoren/fordeling av budsjett 2017
8. Oppsummering/tilråding

### **3. Felles innleiing frå fylkesrådmannen**

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2017-2020. Følgjande sektorrammer vart vedteke:

<b>Økonomiske rammer</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Fellesinntekter/- utgifter - netto	-2 195,3	-2 177,1	-2 152,3	-2 078,6
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	159,2	158,9	158,5	157,9
Opplæring	824,1	803,9	791,5	786,8
Tannhelsetenesta	81,5	76,4	76,4	76,4
Næring og kultur	155,2	148,3	147,9	147,9
Samferdsle	975,3	989,7	978,1	909,7
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 195,3</b>	<b>2 177,1</b>	<b>2 152,3</b>	<b>2 078,6</b>

I denne tabellen er folkehelse ikkje inkludert i summen på næring og kultur.

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanen føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Vidare er sektorrammene blitt redusert som følgje av vedtekte innsparingstiltak. Å få realisert desse føresetnadane, både på inntekts- og utgiftssida, er ei svært viktig arbeidsoppgåve framover.

Fylkestinget gjorde også i saka om økonomiplan 2017-2020 vedtak om at tiltak og tilpassingar må utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017 viss det er naudsynt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjettet for 2017. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt ramme på ein best mogleg måte. Viss det i denne saka vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester i høve gjeldande økonomiplan må dette spesifiserast nærare.

### **4. Finansiering av sektoren næring og kultur**

I 2016 utgjer samla budsjett for sektoren næring og kultur 161,309 mill. kr inklusiv administrasjon og folkehelse som ligg under forvaltning. Eksklusiv administrasjonsdelen utgjer samla budsjett 134,372 mill. kr, fordelt slik:

<b>Programområde</b>	<b>Budsjett 2016 ekskl. adm.</b>	<b>Adm. Kostnadar 2016</b>	<b>Budsjett 2017 ekskl. adm.</b>	<b>Adm. Kostnadar 2017</b>
Programområde 701 (næring)	71,637	9,696	79,723	9,346
Programområde 716 (næring)	1,100	0,760	1,100	0,800
Programområde 740-790 (kultur)	56,910	15,675	49,265	14,975
Programområde 480 (folkehelse - kultur)	4,725	0,806	1,500	0,806
<b>Sum</b>	<b>134,372</b>	<b>26,937</b>	<b>131,588</b>	<b>25,927</b>

Tabellen syner næring og kultur sitt budsjett for 2016 og 2017.

Det kjem ein rammeauke til sektoren og programområde 701 i 2016 på 1,5 mill. kr. Dette er midlar frå overskot frå tapsfond knytt til risikolån gitt av Innovasjon Norge (IN).

Kulturbudsjettet vert dekt av eigne fylkeskommunale driftsmidlar. Ein stor del av løyvingane er bundne i avtalar om tilskot til kulturinstitusjonane, til å følgje opp forvaltning av statlege midlar og eigne satsingar. I 2016 fekk fylkeskommunen overført om lag 55 mill. kroner frå staten til tiltak i fylket (spelemidlar, midlar til freda bygg og tiltak i verdsarvområdet, den kulturelle skulesekken, m.m.). Forvaltninga av desse midlane krev kapasitet og kompetanse til rettleiing, nettverksarbeid, erfaringsutveksling, kompetansebygging og gjennomføring.

Næringsbudsjettet ekskl. administrasjon er i 2016 finansiert ved hjelp av 67,540 mill. kr i regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), medan resten, 5,197 mill. kr er eigne fylkeskommunale driftsmidlar.

Retningslinene til KMD set grenser for korleis utviklingsmidlane kan nyttast. Generelt kan ein seie at midlane ikkje skal gå til ordinær driftsfinansiering, men meir vere retta inn mot prosjekt og tiltak av tidsavgrensa karakter. Det distriktpolitiske oppdraget frå KMD er å finansiere tilskot, lån med vidare til næringslivet gjennom Innovasjon Norge. Retningslinene frå KMD er såleis i stor grad styrande for sektoren næring sitt arbeid.

Døme på korleis vi nyttar eigne fylkeskommunale driftsmidlar i næringsarbeidet i 2016 er: Grunnstønad Vestlandsforskning 0,800 mill. kr, destinasjonsselskapa 1,700 mill. kr, oppfølging av Verdiskapingsplanen 0,350 mill. kr og IT-forum 0,500 mill. kr.

For 2017 kjenner vi ikkje storleiken på dei regionale utviklingsmidlane før statsbudsjettet vert vedteke i desember. I økonomiplanen er samla næringsbudsjett, ekskl. administrasjon, førebels  $79,723 + 1,100 = 80,823$  mill. kr (sjå tabell ovanfor). Dersom dei regionale utviklingsmidlane vert på same nivå som i 2016, vil vi utan andre endringar disponere  $80,823 - 67,540 = 13,283$  mill. kr samla av eigne driftsmidlar. Endringar i KMD-midlar knytt til dei einskilde åra, vil føre til ulike storleik på dei fylkeskommunale driftsmidlane. Endringar i driftsmidlar mellom ulike år skapar problem med eit systematisk langsiktig arbeid når det gjeld «arenabygging» - det å vera ein målretta utviklingsaktør inneber mellom anna å gå inn i langsiktige samarbeid med viktige eksterne aktørar.

Statsbudsjettet gir føringar for løyvingane på kultur, slik som tilskot til teater, distriktsopera, festivalar og museum (der det er føresett %-vis deling mellom stat, fylkeskommune og kommunar). Vidare vil overskotet frå Norsk Tipping verke inn på fylkeskommunen sin innsats når det gjeld spelemidlar til idrettsanlegg og kulturbygg og den kulturelle skulesekken. Dette er løyvingar som går utanom fylkeskommunen sitt budsjett, men som likevel verkar inn på den samla aktiviteten i fylkeskommunen.

## **5. Kontraktar/avtalar med eksterne partar**

### Generell vurdering av bindingane

Det typiske for denne sektoren er at forpliktingane er i form at tilskot og ikkje tenestekjøp eller investeringar. Fylkestingsvedtak om fleirårige løyvingar er følgd opp av tilskotsbrev eller avtale. Det er ikkje teke atterhald om årlege budsjettvedtak.

Vi har fått ein generell uttale frå jurist om slike forpliktingar. Eit tilsegn er eit løfte om at tilskot vil bli utbetalt, og er såleis bindande. Bindinga kan verte avgrensa om det er tatt atterhald om årlege budsjettvedtak, dersom tilsegnsmottakar ikkje har følgd vilkåra, eller det er spesielle formuleringar i avtale/tilsegnsbrev som opnar for tolkingar. Tilsegn kan og vere ugyldig dersom hovudutvalet ikkje hadde mynde på området.

### Utvinning av rutil frå Engebø-fjellet – fylkeskommunal medverkna

Fylkeskommunen har lagt til rette for utvinning av rutil frå Engebø-fjellet gjennom lovnad om opprusting av vegen til Engebø. Fylkeskommunen vil også bidra med råd og rettleiing i samband med den næringsverksemda som kan verte etablert rundt gruve drifta, m.a. knoppskytingsverksemd. Økonomisk støtte kan også vere aktuell i samband med gode

einskildprosjekt når desse ligg føre, under føresetnad at dei økonomiske rammene tillet ei slik satsing.

#### Støtte til næringshagar

Næringshageprogrammet er eit distriktpolitisk verkemiddel, og SIVA har styrka det nasjonale næringshage programmet og samstundes utarbeidd ein ny modell for differensiering av tilskot til næringshagane. Målet med differensieringa er å vidareutvikle programmet til eit meir effektivt verkemiddel og sikre betre måloppnåing i form av auka verdiskaping. Ulike føresetnadar, ambisjonar og potensial i dei enkelte næringshagane tilseier ulike nivå for blant anna offentleg finansiering.

Med utgangspunkt i befolknings- og bedriftspopulasjon i næringshaganes sjølvdefinerte nedslagsfelt (kommunar) er derfor næringshagane inndelt i fire geografiske grupper for å få samanliknbare størrelsar for deira programaktivitet. Ved samanlikning av aktivitet i dei ulike næringshagane er med andre ord aktivitet i den enkelte næringshage samanlikna med aktivitet i næringshagar som høyrer til same geografiske gruppe (dvs. at dei har liknande befolknings- og bedriftsgrunnlag).



I Sogn og Fjordane ligg Sognefjorden Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringshage på nivå 3 medan Stryn Næringshage (Næringshagane i Nordfjord) ligg på nivå 1. Dette tilseier ei samla støtte frå SIVA i 2017 på 3,1 mill. kr. Kravet er at fylkeskommunane skal gå inn med halvparten av det SIVA yter, noko som svarar til 25 % av totalbudsjettet, fylkeskommunen bør derfor setje av 1,55 mill. kr til næringshagane for 2017.

No ligg det føre følgjande bindingar på næringsbudsjettet, der det er tilskotsbrev og avtalar med ein annan part. Vi viser også bindingar i 2016 slik at endringane og nedgangen i forplikningar kjem fram:

<b>BINDINGAR</b>				
<b>TILTAK</b> (Alle tal i 1000 kr)	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>MERKNADER</b>
Fjord Norge	3,000	*3,080	*3,160	HNK 70/16. Løpande oppseieleg avtale.
IT-forum	0,500	0,500	0,500	B2016/Øk plan, ikkje bundne med avtale.
Avtale mellom Ungt Entreprenørskap og SFFK	0,900	0,900	0,900	B2016/Øk plan / HPN sak 72/14, ny avtale føresett for 2017 og 2018.
Næringshageprogrammet	1,025	1,550	1,550	HNK 37/16. Ny sak i 2017.
NCE Tourism – Fjord Norway	0,350	0,350	0,350	FT sak 16/13, ny sak i 2016 om 3-årig avtale gjeldande frå og med 2017.
Avtalar med destinasjonsselskapa	2,700	2,200	2,000	HNK sak 9/16, avtale for 2016 og 2017.
<b>Sum</b>	<b>8,475</b>	<b>8,580</b>	<b>8,460</b>	

\* I avtalen med Fjord Norge står det at kostnadsramma for eit årleg partnerskapsbidrag er 3 mill. kr (2016) justert årleg med konsumprisindeksen pr. 15. november for etterfølgjande år. Vi budsjetterer med 80 000 kr. i 2017 for å ta høgde for auken knytt til konsumprisindeksen. I økonomiplaneprosjektet 2018-2020 aukar vi budsjettet med nye 80 000 kr. per år, for å ta høgde for auken knytt til konsumprisindeksen.

For kulturbudsjettet gjeld følgjande bindingar gjennom avtaler og vedtak:

<b>BINDINGAR</b>				
<b>TILTAK</b> (Alle tal i 1000 kr)	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>MERKNADER</b>
Kunstproduksjon (tilskot til Sogn og Fjordane teater, Førdefestivalen, Opera Nordfjord og Norsk Countrytreff)	11,605	11,510	10,710	Finansieringsavtale med staten og Førde kommune gjeld for tilskot til Sogn og Fjordane teater. Staten har sagt opp finansieringsavtalen med fylkeskommunen og Førde kommune i høve knutepunktstatusen med verknad frå 01.07.17. Ny ordning vert lansert i desember 2016, gjeldande frå 2018. Dette vil også gjelde for Norsk Countrytreff. Finansieringsavtale med Eid kommune bygd på ordning med 70% statleg tilskot og 30% regionalt/lokalt tilskot til Opera Nordfjord.
Musea i Sogn og Fjordane	15,589	14,089	13,989	Ny avtale gjeldande f.o.m. 2017 mellom MiSF og kommunane er under godkjenning hausten 2016.
Tusenårsstaden Gulatinget	1,065	0,888	0,888	Avtale med Gulen kommune om 70% delfinansiering av forvaltning, drift og utvikling av tusenårsstaden.
Distriktsmusikarordninga	2,420	2,420	2,420	Avtale med kommunane Førde, Gloppen og Leikanger (Leikanger, Sogndal og Luster) om delfinansiering av 15 stillingar som distriktsmusikarar (25% av lønskostnadane).
Bergen Filharmoniske Orkester	0,220	0,220	0	Avtalen går t.o.m. 2017. I HK-sak 18/15 er det føresett av avtalen ikkje vert forlenga for fylkeskommunen sin del.
<b>Sum</b>	<b>30,899</b>	<b>29,127</b>	<b>28,007</b>	

I tillegg ligg det føre utviklingsavtaler med Sogn og Fjordane Idrettskrins og utvikling innan barne- og ungdomssatsinga deira, med Sogn og Fjordane ungdomslag knytt til prosjektet «Huset i bygda» og Gloppen Musikkfest om utvikling av musikkfesten og deira satsing på unge klassiske talent. Dette er avtaler som vert inngått år for år innan rammene av vedteke budsjett.

## **6. Søknadar/innspel**

### **6.1 Programområde 701 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet**

#### Ny avtale Ungt Entreprenørskap

Ungt entreprenørskap har ei sentral rolle når det gjeld entreprenørskap i utdanning, og opplæring i entreprenørskap i skulen er viktig ikkje berre med omsyn til det reinte næringsmessige aspektet. I 2015 vart det inngått ein ny avtale mellom fylkeskommunen og Ungt Entreprenørskap på 0,900 mill. kr per år, denne avtalen gjeld ut 2016. Ein arbeidrar no for å få på plass ein ny avtale gjeldande for 2017 og 2018.

#### Ny avtale med NCE Tourism

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. Dei siste åra har tilskotet vore på 0,350 mill. kr. Det vert arbeidd med å få på plass ein ny 3-årig avtale gjeldande frå 2017, i tida fram til ev ny avtale har fylkesdirektøren bede om fullmakt til å forlenge eksisterande avtale (eiga sak).

#### Preså Kornfond

Fylkeskommunen ynskjer også i 2016 å yte midlar til preså kornfondet som Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane administrerer (Sogn og Fjordane Fondet). Preså kornfondet skal gå inn med eigenkapital i nystarta bedrifter, og er ei satsing i tråd med verdiskapingsplanen sine tiltak for etablerarar og nyetablerte småbedrifter. Fylkeskommunen legg opp til å nytte tilbakeførte midlar frå det sentrale tapsfondet til Innovasjon Norge på 1,5 mill. kr, slik vi har spelt inn i tertialrapport 2 2016.

#### Fjord Invest Såkorn

Fylkeskommunen er største eigar i Fjord Invest Såkorn. Midlane i fondet er no bundne opp i investeringar. Dei andre eigarane er ikkje i posisjon til å gå inn med ny kapital, og eit arbeid mot nye eigarar er mogleg, men vil ta tid. FI Såkorn har difor sendt eit spørsmål til fylkeskommunen om å skyte inn meir eigenkapital. Fylkesdirektøren meiner FI Såkorn fyller ein viktig funksjon og har bede om at saka blir handsama som ein del av rekneskapen i tertial 2. Sjå eige notat om både preså kornfond og Fjord Invest Såkorn (vedlegg 1).

### **6.2 Programområde 740-790 – Kultur**

#### Hafstadparken

Hafstadparken har fått løyving på 12,5 mill. kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2013 – 2016. Spelemidlar til Hafstadparken er i same periode 13 millionar. Det er også gitt 7,5 mill. kr frå INU-ordninga. I økonomiplanen 2013 – 2016 vert det opna for at det på eit seinare tidspunkt kan vere aktuelt å løyve ytterlegare 2,5 mill. kr frå fylkeskommunen. Førde kommune har i 2016 søkt om ytterlegare midlar. Vedlagt ligg eit notat som omhandlar denne søknaden. Fylkesdirektøren ser ikkje at det er rom innan hovudutvalet sine rammer til å imøtekomme søknaden, og rår til avslag (vedlegg 2).

#### Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

Hovudutval for næring og kultur gjorde følgjande vedtak i HNK-sak 38/16:

1. *Hovudutvalet for næring og kultur har ikkje rom i sitt budsjett for å gje driftsstøtte til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Eventuell støtte kan gjevast i form av løyvingar til godkjende einskildprosjekt som då vert finansiert med ledige regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*
2. *Saka vert å ta med i budsjettdrøftinga for 2017.*

Stiftinga Nærøyfjorden verdsarvpark søker medstiftarane om grunnfinansiering av drifta. Verdsarvparken gjer eit særst viktig arbeid for å kunne leve opp til UNESCO-statusen.

Verdsarvstatusen er også eit pluss for fylket. Med dei økonomiske rammene hovudutvalet har til disposisjon, rår fylkesdirektøren likevel til at søknaden vert avslått. Hovudutvalet fordeler elles statlege midlar frå Riksantikvaren til konkrete restaureringsprosjekt i verdsarvområdet etter søknad. Desse midlane kan ikkje nyttast til drift.

Saksutgreiing i HNK-sak 38/16 følgjer som vedlegg 3, og søknad frå Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark følgjer også som vedlegg 4.

## **7. Prioriteringar innan sektoren næring og kultur for 2017 og økonomiplanperioden 2018-2020**

Fylkeskommunen si næringsatsing betyr å legge til rette for at bedriftene våre utviklar seg, at ny næring og nye bedrifter oppstår, og slik skape grunnlag for arbeidsplassar og folkesetnad. Gjennom kulturpolitikken skal fylkeskommunen bidra til å ta vare på kulturminna, dei materielle så vel som dei immaterielle. Fylkeskommunen skal også legge til rette for ei kvalitativ utvikling av kunst og kultur, og arbeide for at alle får tilgang til dei gode opplevingane. Frivillig sektor er ein viktig del av kulturlivet i fylket, og fylkeskommunen ønskjer å stimulere deltaking og aktivitet i frivillig arbeid.

Kunst og kultur har ein eigenverdi som ligg i botnen. I tillegg har satsing på kunst og kultur effektar på andre område, alt frå lokalsamfunnsutvikling til ei styrking av det enkelte individ. Kulturminna gir kunnskap og oppleving, og kan spele ei viktige rolle i lokal næringsutvikling. Musea, festivalane og andre kultursatsingar gir også gode kulturelle opplevingar både til fastbuande og tilreisande. Dei har ringverknader for det lokale næringslivet, og dei er også viktige som del av eit samla opplevingstilbod i fylket. På den måten kan ei målretta kultursatsing vere med og styrke reiselivssatsinga.

Koplinga næring og kultur er også innlysande når vi skal hjelpe fram fleire som kan gjere levebrød av kunst og kultur. Innsatsen gjennom Den kulturelle skulesekken skapar oppdrag for næringsdrivande kulturutøvarar. Gjennom å ha eit aktivt forhold til spelemiddelordninga bidrar vi til å halde oppe aktiviteten for lokale entreprenørar.

Hovudutvalet for næring og kultur skal ivareta både næringsutvikling og kulturutviklinga i fylket. Hovudutvalet har også gode føresetnader for å sjå dei områda som kan gje den ønska meirverdien i skjeringpunktet mellom næring og kultur.

Plandokumenta som hovudutvalet har som grunnlag for sin aktivitet, er verdiskapingsplanen, regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, regional folkehelseplan og kulturstrategien.

### **7.1 PROGRAMOMRÅDE 400 – TIL DISPOSISJON FOR HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG KULTUR**

Midlane som er disponible for hovudutval for næring og kultur ligg teknisk på sektoren forvaltning og programområde 400, altså ikkje innanfor sektordelen til næring og kultur. Dei blir flytta til aktuelle programområde ved vedtak. Fylkesdirektøren rår til å la nivået på disponible midlar bli ståande, slik at det er noko handlingsrom for gode tiltak som kjem opp gjennom budsjettåret. Til drift av hovudutvalet ligg det 0,900 mill. kr under forvaltning.

<b>Programområde 400 – Politisk styring</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4005 – Hovudutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,250	1,850	1,850	1,850	1,850
<b>Sum</b>	<b>1,250</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>

Auken frå 2016 til 2017 skuldast flytting av midlar til sektorområde i 2016 (utviklingsavtale Selje på 0,100 mill. kr og Hafstad Idrettspark på 0,500 mill. kr).



## 7.2 PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET

### 7.2.1 Tilpassing til rammene – programområde 701

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet framover - for dei økonomiske disponeringane og korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Endringar i verdiskapingsplanen fører såleis til endringar i budsjett. Handlingsprogrammet til verdiskapingsplanen vart vedteke i desember 2014.

Dei siste åra har sektoren spissa satsingsområda, gjort korrigeringar i budsjettet og lagt eit løp for langsiktige satsingar. Vi har gjort større kutt og omprioriteringar, og innsparingskrava i samband med SFj 2019 er tidlegare innarbeidd i budsjettet. Innsatsen har derfor nådd eit «minimumsnivå» på nokre av områda som også er satsingsområde i Verdiskapingsplanen.

Kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift vil kunne påverke den samla satsinga for programområde 701 i 2017, då det er ei nedtrapping av ordninga mot 2018. Satsingar innan fleire tenesteområde, mellom anna bedriftsretta satsingar, reiseliv og kunnskap har vore avhengig av midlar frå kompensasjonsordninga. I 2016 var løyvinga frå staten på 22,2 mill. kr, noko som tilsvarte ein reduksjon på nesten 20 mill. kr samanlikna med 2015, då vi fekk 41,2 mill. kr. I mars 2017 reknar vi med å få vite nivået på kompensasjonen for 2017, medan dei vanlege utviklingsmidlane frå staten kjem i samband med statsbudsjettet. Det er følgeleg enno utvisst kva overføringar som kjem frå staten i 2017 og dei totale rammene er difor usikre. Mange av satsingsområda er allereie på eit «minimumsnivå» og ved større reduksjonar i midlar frå staten må vurderingane i denne saka gjerast på nytt.

### Omprioriteringar innafor vedtekne rammer – budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020

Fylkeskommunen har ein avtale med Fjord Norge på 3 mill. kr i 2016, jf. kapittel 5 Kontraktar/avtalar med eksterne partar. I avtalen står det at kostnadsramma for eit årleg partnarskapsbidrag er 3 mill. kr (2016) justert årleg med konsumprisindeksen per 15. november for etterfølgjande år. For 2017 og åra etter vil løyvinga til Fjord Norge dermed auke noko. Auken knytt til konsumprisindeksen er det ikkje teke høgde for i økonomiplanen. I denne saka gjer vi derfor nokre omprioriteringar slik at vi tek høgde for auken som kjem knytt til konsumprisindeksen. Vi budsjetterer med 0,080 mill. kr ekstra i 2017 og i økonomiplanperioden 2018-2020 aukar vi budsjettet på løyvinga til Fjord Norge med nye 0,080 mill. kr kvart år.

2017

- Tenesteområde 7015 – Nyskaping – kommunale næringsfond - 0,080 mill. kr.
- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,080 mill. kr.

2018

- Tenesteområde 7015 – Nyskaping – kommunale næringsfond - 0,160 mill. kr.
- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,160 mill. kr.

2019

- Tenesteområde 7015 – Nyskaping – kommunale næringsfond - 0,240 mill. kr.
- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,240 mill. kr.

2020

- Tenesteområde 7015 – Nyskaping – kommunale næringsfond - 0,320 mill. kr.
- Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,320 mill. kr.

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. Dei siste åra har tilskotet vore på 0,350 mill. kr. Det vert arbeidd med å få på plass ein ny 3-årig avtale gjeldande frå 2017. Ein ny avtale med NCE Tourism på 0,350 mill. kr per år er det teke høgde for i økonomiplan og

budsjett for år 2017, men ikkje resten av økonomiplanperioden 2018-2020. Vi må derfor gjere nokre endringar for å sikre finansiering av denne avtalen også desse åra:

- Tenestemråde 7010 – Bedriftsretta satsingar Innovasjon Norge - 0,300 mill. kr.
- Tenestemråde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,300 mill. kr.

Den omtalte reduksjonen i kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift gjer at midlane som programstyret for infrastruktur disponerer til infrastrukturtiltak i reiseliv er reduserte frå normalt om lag to millionar siste åra til under ein million i 2016. Avviklinga av kompensasjonsordninga gjer at vi allereie i 2017 må setje av midlar i budsjettet for å følgje opp gode tiltak som stør vandresatsinga i fylket. Dette kan ikkje sjåast i direkte samanheng med innsparingskravet med fylkeskommunale driftsmidlar. Som ein del av omstillingsprosjektet SFj 2019 har rammene til reiseliv gått ned og det same har også kompensasjonsmidlane vi får i frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (INU-midlane). Det har medført vesentleg mindre midlar på reiseliv. Vi legg difor opp til å styrke sektoren med 0,900 mill. kr, og for å klare dette må vi gjere nokre omprioriteringar:

- Tenestemråde 7010 – Bedriftsretta satsingar Innovasjon Norge - 0,900 mill. kr.
- Tenestemråde 7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv +0,900 mill. kr.

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>				
<b>Tenestemråde</b>	<b>Endringar budsjettframlegg 2017 samanlikna med økonomiplan 2017</b>	<b>Endringar budsjett 2018 samanlikna med økonomiplan 2018</b>	<b>Endringar budsjett 2019 samanlikna med økonomiplan 2019</b>	<b>Endringar budsjett 2020 samanlikna med økonomiplan 2020</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar		-1,200	-1,200	-1,200
7011 - Kommunikasjonsteknologi				
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	+0,080	+1,360	+1,440	+1,520
7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar				
7012 – Bransjeretta satsingar – Energi				
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri				
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk				
7015 – Nyskaping	-0,080	-0,160	-0,240	-0,320
7018 - Kunnskap				
7019 – Andre næringsområde				
<b>SUM</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>

Tabellen syner omprioriteringane vi gjer mellom tenestemråde i denne saka.

Tabellen under syner næringsbudsjettet for 2017 og økonomiplanperioden 2018-2020 etter omprioriteringane vi gjer i denne saka.

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>				
<b>Tenestemråde</b>	<b>Framlegg B. 2017</b>	<b>Øk. plan 2018</b>	<b>Øk. plan 2019</b>	<b>Øk. plan 2020</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar	30,900	30,600	30,600	30,600
7011 - Kommunikasjonsteknologi	10,277	4,140	4,140	4,140
7012 – Bransjeretta satsingar – Reiseliv	6,680	6,560	6,640	6,720
7012 – Bransjeretta satsingar – Sjømatnæringar	0,950	0,950	0,950	0,950

7012 – Bransjeretta satsingar – Energi	0,400	0,400	0,400	0,400
7012 – Bransjeretta satsingar – Industri	0,300	0,300	0,300	0,300
7012 – Bransjeretta satsingar – Landbruk	0,200	0,200	0,200	0,200
7015 – Nyskaping	21,214	21,634	21,554	21,474
7018 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 – Andre næringsområde	2,977	2,977	2,977	2,977
<b>SUM</b>	<b>79,723</b>	<b>73,586</b>	<b>73,586</b>	<b>73,586</b>

Tabellen over syner ei oversikt over programområde 701, med budsjett for 2016 og økonomiplan 2017, samt framlegg til budsjett 2017 etter omprioritering.

Det er mindre «frie midlar» innan næringsutvikling enn det kan sjå ut til ved eit blikk på totalrammene. På programområde 701 er det 79,723 mill. kr. i 2017. Av desse er til saman 17,850 mill. kr tilrådd sett av til kommunane gjennom kommunale næringsfond og omstilling (sjå kap. 7.2.6), og det er foreslått å sette av 30,900 mill. kr. til Innovasjon Norge (kap. 7.2.2). Det står att 30,973 mill. kr til næringsretta satsing som er forvalta av fylkeskommunen. Av dette er 8,580 mill. kr sett av eller føreslått sett av til avtalar og prosjekt som t.d. Fjord Norge, Ungt Entreprenørskap og liknande (sjå tabell om bindingar i kapittel 5). Midlane som står att skal dekke tilretteleggande tiltak innan alle satsingsområde, og oppfølging av verdiskapingsplanen.

### 7.2.2 Tenesteområde 7010 – Bedriftsretta satsingar

<b>Tenesteområde 7010 – BEDRIFSTRETTA SATSINGAR</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Innovasjon Norge rammeløyving	31,000	30,900	30,600	30,600	30,600
<b>Sum</b>					

Når fylkeskommunen disponerer utviklingsmidlane må vi finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen sjølv tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge. KMD har tidlegare gitt føringar på at vi skal prioritere bedriftsretta innsats, og vi meiner at den bedriftsretta delen bør ligge på om lag 40 %.

Midlane som blir avsette til Innovasjon Norge frå vårt budsjett gjer at vi kan følgje opp satsingar som er særreigne for vårt fylke, og det er dei einaste midlane der vi ikkje er i ein nasjonal konkurranse.

Verdiskapingsplanen er førande for Innovasjon Norge, og det vert sett av 30,900 mill. kr til Innovasjon Norge i 2017.

### 7.2.3 Tenesteområde 7011 – Kommunikasjonsteknologi

<b>Tenesteområde 7011 – KOMMUNIKASJONSTEKNOLOGI</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Breiband og mobil	0,640	9,777	3,640	3,640	3,640
IT-forum	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
<b>Sum</b>	<b>1,140</b>	<b>10,277</b>	<b>4,140</b>	<b>4,140</b>	<b>4,140</b>

Fylkeskommunen har ei sentral rolle i arbeidet med å skaffe innbyggjarar og verksemder god infrastruktur for digital kommunikasjon. Fylkeskommunen har saman med IT-forum Breiband ei sentral og koordinerande rolle i fylket. Hovudinnsatsen i 2017 vert å utarbeide fram nye og gode fylkessøknadar inn mot den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging, arrangere kurs og rettleie kommunane gjennom anbudsprosessen, prosjektgjennomføring, skape møteplassar og kunnskapsdeling.

Breiband er i dag å sjå på som basis infrastruktur på line med straum, veg, vatn og avløp, samtidig er det også sentral infrastruktur for å nå målsetjinga om arbeidsplassvekst og meir kunnskapsretta arbeidsplassar.

Fylkestinget vedtok i april 2016 [ny strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020](#).

Hovudmålet er at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til eller prosjekt i gang for å etablere neste generasjon breiband innan 2020. Dette er eit ambisiøst mål som krev delfinansiering frå staten.

Ved utarbeiding av budsjettet for 2013 vart breibandsinnsatsen styrka. Denne auken vart i samband med budsjett 2014 teken vekk for åra 2014, 2015 og 2016, og dei aktuelle midlane er lagt innatt frå år 2017 i økonomiplanen.

Fylkeskommunen har i budsjettet for 2017 sett av 10,277 mill. kr til kommunikasjonsteknologi.

- 9,277 mill. kr vert sett av til oppfølging av breibandstrategien og til å løyse ut nasjonale tilskot.
- 0,500 mill. kr vert sett av til å finansiere stillinga innan rådgjeving til kommunane, nettverksarbeid og kompetanseheving
- 0,500 mill. kr vert sett av til IT-forum Sogn og Fjordane sitt arbeid.

#### 7.2.5 Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar

<b>Tenesteområde 7012 – BRANSJERETTA SATSINGAR</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Reiseliv	6,250	6,680	6,560	6,640	6,720
Sjømatnæringar	0,950	0,950	0,950	0,950	0,950
Energi	1,680	0,400	0,400	0,400	0,400
Industri	0,650	0,300	0,300	0,300	0,300
Landbruk	0,300	0,200	0,200	0,200	0,200
<b>Sum</b>	<b>9,830</b>	<b>8,530</b>	<b>8,410</b>	<b>8,490</b>	<b>8,570</b>

#### Reiseliv

Reiseliv er ei av satsingane som vert finansiert av INU-FSF, kompensasjonsordninga som skal trappast ned mot 2018. I 2016 vart løyvinga frå INU-FSF redusert på grunn av lågare rammeløyving frå staten. Budsjettet innan reiseliv har såleis vorte kraftig redusert siste åra, frå 16 mill. kr i 2013 til 7,5 mill. kr i 2016. I 2017 vil budsjettet gå ytterlegare ned og rammene til INU-FSF for 2017 får vi ikkje vite før i mars 2017. Avviklinga av kompensasjonsordninga gjer at vi allereie i 2017 må setje av midlar i budsjettet for å følgje opp gode tiltak som stør vandresatsinga i fylket. Vi set av 0,900 mill. kr i 2017 for å styrke sektoren.

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein avtale med NCE Tourism. Dei siste åra har tilskotet vore på 0,350 mill. kr. Det vert arbeidd med å få på plass ein ny 3-årig avtale gjeldande frå 2017, i vente på ny avtale har fylkesdirektøren bedt om fullmakt til å forlengje eksisterande avtale (eiga sak). Fylkeskommunen har også hatt avtale med Fjord Norge i fleire år for internasjonal marknadsføring, ny løpande oppseieleg avtale vart inngått i 2016. Avtalen gjev Fjord Norge ei løyving på 3 mill. kr i 2016. I avtala med Fjord Norge står det at kostnadsramma for eit årleg partnerskapsbidrag er 3 mill. kr (2016) justert årleg med konsumprisindeksen pr. 15. november for etterfølgjande år. For 2017 vil løyvinga til Fjord Norge auke noko over 3 mill. kr, for å vere på den sikre sida set vi av 3,080 mill. kr i 2017. Vi har også teke høgde for auken knytt til konsumprisindeksen for økonomiplanperioden 2018-2020 jf. delkapittel 7.2.1.

Fylkeskommunen har også avtale med destinasjonsselskapa i fylket (noverande avtale er toårig, der vi har forplikta oss til å gje alle selskapa. Avtalen gjeld ut 2017). I 2015 var samla tilskot til fordeling 3 mill. kr, og i samband med SFj 2019 vart det vedteke eit innsparingskrav på 1 mill. kr på destinasjonsselskapa. Ved utarbeiding av budsjett 2016 såg vi at det vart for brått for destinasjonsselskapa å kutte 1 mill. kr på eitt år. Ein meir forsvarleg måte var å redusere tilskota gradvis. I 2016 reduserte vi derfor budsjettet til destinasjonsselskapa med 0,300 mill. kr, frå 3 mill. kr til 2,7 mill. kr.

I arbeidet med budsjettet for 2017 vart det i HNK-sak 49/16 vedteke at den tidlegare vedtekne reduksjonen på 1 mill. kr innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3a)) skulle reduserast til 0,500 mill. kr. Dette ville gjeve eit samla tilskot til fordeling til destinasjonsselskapa for 2017 på 2,5 mill. kr. Vi ser no at det er forsvarleg å redusere budsjettet til destinasjonsselskapa i 2017 noko meir, til 2,2

mill. kr, men innafor reiseliv har vi likevel trong for midlane på andre område for å få budsjettet til å gå opp i 2017. I tillegg til avtalane vi har med eksterne partar bør vi ha noko disponible midlar til administrasjon som blant anna vil bli brukt på reiselivskonferansen 2017.

Frå og med 2018 vil innsparingskravet på 1 mill. kr gjelde fullt ut.

Det vert sett av 6,680 mill. kr til reiseliv i 2017, der midlane vert fordelt slik:

Styrking av sektoren	0,900 mill. kr
Fjord Norge	3,080 mill. kr
Destinasjonsselskapa	2,200 mill. kr
NCE Tourism	0,350 mill. kr
Administrasjon reiseliv	0,150 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>6,680 mill. kr</b>

### Sjømatnæringa

Sjømatnæringa er ei prioritert satsing i verdiskapingsplanen.

To program er starta opp;

- rekruttering og kompetanseheving (leia av NKA)
- innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane (leia av IN)

Eit program på arealplanlegging er under oppstart, og det vert rådd til å sette av midlar til dette.

Fylkeskommunen har ei rolle innan arenabygging og kompetanseheving i marin sektor, og det vert i 2017 sett av midlar til Nor-Fishing 2018 og Miljøseminaret i Florø. Satsinga AHA (heilskapleg akvakulturforvaltning) trappast ned, og større innsats går til gjennomføring av verdiskapingsplanen.

For 2017 vert det sett av 0,950 mill. kr til sjømatnæringa, der midlane vert fordelt slik:

AHA! Nedtrapping av programmet	0,200 mill. kr
Nor-Fishing 2018 - fylkesstand	0,350 mill. kr
Miljøseminar	0,050 mill. kr
Rekrutteringsleir	0,230 mill. kr
Program Arealbruk	0,100 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>0,950 mill. kr</b>

### Energi

Området utanfor kysten av Sogn Fjordane er framleis ein attraktiv olje- og gassprovins på norsk sokkel. Fylket har ein stor del av dei u-utbygde vasskraftressursane i landet. Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Mykje av satsinga er også bedriftsretta og vert dekkja gjennom Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Fylkeskommunen har vore med å danna «Forum for grøn energi». Forumet skal ta opp i seg all satsing på fornybar energi, og kan på sikt bli ein del av klyngeutviklingsprosjekta til Innovasjon Norge. Vi vil arbeide med politiske problemstillingar innan fornybar energi, og samstundes ha midlar disponible til utviklingstiltak.

Fylkeskommunane har saman med andre aktørar ein innsats innan olje og gass. Petroleumsrådet har koordinerande ansvar for innsatsen i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid. Aktiv oppfølging av Statoil og andre feltoperatørar og lisenshavarar utanfor fylket vert viktig også i 2017.

I 2016 fekk vi ei ekstraløyving frå KMD, noko av denne løyvinga gjekk til Hydrogenprosjektet, som no er finansiert og blir sett i gang hausten 2016.

Det vert sett av 0,400 mill. kr til energi i 2017.

Industri

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for dei bedriftsretta verkemidla, og ein stor del av denne innsatsen rettar seg mot oppfølging innan industri.

I 2015 vart det vedteke ein industristrategi. I oppfølginga er det nok ikkje behov for store summer til tilretteleggande satsingar innan industri, men det er naudsynt med noko handlingsrom knytt til faglege møteplassar, og kjøp av tenester på området.

Det vert sett av 0,300 mill. kr til industri i 2017. Dette skal gå til gode industriprosjekt, arenabygging og oppfølging av industristrategien.

Landbruk

Fylkeskommunen sin innsats innan landbruk dreiar seg om å påverke den sentrale landbrukspolitikken for landbruket i fylket og arbeide med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket. Arbeidet må vere godt koordinert med Fylkesmannen sin innsats på feltet.

Landbruks- og matdepartementet tildeler fylkeskommunane midlar til innsats innan rekruttering og kompetanseheving i etterkant av det årlege jordbruksoppgjæret. Tidlegare har dette vore 1,600 mill. kr. Vi forventar same nivå i 2017. Tala er ikkje innarbeidd i dette budsjettet.

Det vert i tillegg sett av 0,200 mill. kr til landbruket gjennom dette budsjettet.

7.2.6 Tenesteområde 7015 – Nyskaping

<b>Tenesteområde 7015 - NYSKAPING</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Tiltak nyskaping/kommuneretta næringsutvikling	3,100	2,464	2,464	2,464	2,464
Omstillingsarbeid i kommunane	6,000	4,800	4,800	4,800	4,800
Kommunale næringsfond	11,000	13,050	13,470	13,390	13,310
Ungt Entreprenørskap	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900
<b>Sum</b>	<b>21,000</b>	<b>21,214</b>	<b>21,634</b>	<b>21,554</b>	<b>21,474</b>

Kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping

Verdiskapingsplanen sitt tema nyskaping femnar om ei rekkje område der fellesnemnaren er å styrkje det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabygging og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng.

Vi skal vidareutvikle næringsapparatet, slik at det vert arbeidd meir oppsøkande og at ein er betre rusta til å hjelpe fram nye næringar. God koordinering og satsing på kompetanseheving er sentralt for å få til dette. Vi arrangerer etablerarkurs for gründerar, kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet i kommunane for å styrke arbeidet med gründerar og småbedrifter.

Fylkeskommunen si viktigaste oppgåve er å arbeide for å styrke næringsapparatet sin kompetanse og gjennomføringsevne, og bygge gode treffpunkt/arenaer som fremmar denne innsatsen. I tillegg må det jobbast målretta med å styrke tilgangen til risikovillig eigenkapital, der vi i større grad må kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter.

Det er sett av 2,464 mill. kr til kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping.

Omstillingsarbeid i kommunane

Askvoll og Lærdal har omstillingsstatus i 2016. Askvoll er ved utgangen av 2016 ferdig med sitt 6-årige omstillingsløp. Lærdal har omstillingsstatus ut 2018. Det kan i 2017 vere aktuelt å gjennomføre konsekvensanalysar og eventuelt gje startløyvingar for nye område.

Det er sett av 4,8 mill. kr til omstillingsarbeid i 2017.

Kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for

entreprenører og lokalt næringsliv. Fylkeskommunen har eit stort ansvar og ei viktig rolle i dette arbeidet.

Vi ønskjer ei tett oppfølging av kommunane. Dette går både på kontrollfunksjonen som er lagt til fylkeskommunen, men ikkje minst kurs og kompetanseheving. Fordeling til rammeløyvinga til kommunale næringsfond vert gjort i mars 2017 og på bakgrunn av retningslinjer og rapport frå kommunane.

Det er sett av 13,050 mill. kr til kommunale næringsfond i 2017, dette er ein auke på 2,050 mill. kr frå 2016. Mykje av arbeidet innan nyskaping går føre seg i nært samarbeid med kommunane.

#### Ungt Entreprenørskap (UE)

Fylkeskommunen har ein toårig avtale med Ungt Entreprenørskap om årleg støtte på 0,900 mill. kr som gjeld ut 2016. Det vert no arbeidd med ein ny avtale for åra 2017 og 2018.

Det vert sett av 0,900 mill. kr til avtalen med UE i 2017.

#### 7.2.7 Tenestemråde 7018 – Kunnskap

<b>Tenestemråde 7018 - KUNNSKAP</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Satsinga på kunnskap	3,150	2,250	2,250	2,250	2,250
Grunnstønad Vestlandsforskning	0,800	0,800	0,800	0,800	0,800
FoU mobilisering/ FoU løft saman med NFR	0,850	1,225	1,225	1,225	1,225
Næringshagane	1,025	1,550	1,550	1,550	1,550
<b>Sum</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>

Kunnskap er ein viktig drivar for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.

FoU inngår i satsinga på kunnskap og er ein sentral del i satsinga i verdiskapingsplanen. FoU vil i tida framover vere avgjerande for å ta ut potensial for fornying av næringslivet, og for etablering av framtidens arbeidsplassar. Det vert sett av 0,800 mill. kr i grunnstønad til Vestlandsforskning. Fylkeskommunen har førespegla midlar til utviklingsavtale mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen. Konkret løyving er avhengig av ny årleg avtale.

I industristrategien er det føresett utvikling av «teknologicampus Sogn og Fjordane». Eventuell økonomisk innsats vert føresett dekt av midlar sett av til oppfølging av verdiskapingsplanen.

Det vert sett av 2,250 mill. kr til arbeid med programsatsing og avtale med HiSF og Vestlandsforskning.

#### FoU mobilisering / forskingsløft saman med Noregs Forskingsråd (vegen vidare etter VRI)

Desse aktivitetane skal fremje bruk av forskning i bedriftene. Det viktigaste verkemiddelet er kompetansemekling; ei teneste for å kople bedrifter eller bedriftsmiljø med innovative idear til gode forskingsmiljø. Hausten 2016 arbeider fylkeskommunen med å legge strategien vidare i høve to innsatsområde. Utlysinga innan mobilisering er førebels kalkulert til 4,500 mill. kr og med delfinansiering frå fylkeskommunen på 1,000 mill. kr årleg fram til og med 2019. Eit forskingsløft saman med NFR er ikkje lyst ut enno, men det er sannsynleg at dette kan føre til krav om delfinansiering alt i 2017. Det vert sett av 0,225 mill. kr i første omgang.

#### Næringshagane

Tre næringshagesamarbeid, i midtre og indre Nordfjord, Sognefjorden Næringshage og eit samarbeid i Gulen og Masfjorden er tatt opp i den nasjonale næringshagesatsinga. Årleg støtte frå fylkeskommunen er 25 % av budsjettet (eller halvparten av det SIVA yter). SIVA har styrka satsinga si på næringshagane noko som medfører at fylkeskommunen må auke si delfinansiering til 1,550 mill. kr.

### 7.2.8 Tenesteområde 7019 – Andre næringsområde

Tenesteområde 7019 – ANDRE NÆRINGSOMRÅDE	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Verdiskapingsplanen	1,587	1,722	1,722	1,722	1,722
Oppfølging av satsingar	1,255	1,255	1,255	1,255	1,255
<b>Sum</b>	<b>2,842</b>	<b>2,977</b>	<b>2,977</b>	<b>2,977</b>	<b>2,977</b>

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014 og iverksetjing av planen starta i 2015. Midlane som er sett av til verdiskapingsplanen under tenesteområde 7019 vert å disponere når trong for midlar kjem tydelegare fram. Vi føreset at det er konkurranse mellom prosjekt og at midlane på den måten vert brukt mest mogleg effektivt. I tillegg må vi ha noko midlar for å gjennomføre satsingane, bestille analysar, evaluere og liknande. Nivået på denne posten er i dag 1,255 mill. kr og same sum vert sett av for 2017.

## 7.3 PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAKT OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK

### 7.3.1 Tilpassing til rammene – programområde 716

Programområdet omfattar i hovudsak ressursar innafor friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av haustbare ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk. Her ligg og driftsstønad til frilufsorganisasjonar og tilskot innan friluftsliv.

PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK					
Tenesteområde	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,760	0,800	0,800	0,800	0,800
<b>Sum</b>	<b>1,860</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>

### 7.3.2 Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Kjerneoppgåvene under tenesteområde friluftsliv, natur og vassregionsstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk handlar om å leggje til rette for berekraftig natur- og ressursforvaltning. På frilufsområdet skal fylkeskommunen bidra til å fremje ålmentas interesser og leggje til rette for friluftsliv. Under denne tenesta forvaltar fylkeskommunen også statlege tilskotsordningar til friluftslivføremål og vassforvaltning.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 med vedteke handlingsprogram styrer fylkeskommunen sin innsats på feltet, og samarbeidet med andre offentlege aktørar og frivillig sektor.

Det vert sett av 1,100 mill. kr. til friluftsliv, natur og vassforvaltning i 2017, der midlane vert fordelt slik:

Vilt- og fiskeforvaltning	0,200 mill. kr
Vassforvaltning	0,300 mill. kr
Friluftsliv	0,600 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>1,100 mill. kr</b>



## 7.4 PROGRAMOMRÅDE 740-790 – KULTUR

### 7.4.1 Tilpassing til rammene – programområda 740-790

Kunst og kultur har ein eigenverdi som ligg i botnen for all satsing på kunst og kultur. Visjonen i Kulturstrategi 2014-2018 er at kulturaktivitet og kulturopplevingar gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår. Kulturstrategien legg føringane for fylkeskommunen si kultursatsing, og hentar mykje av tankegodset frå «*NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014*». Her vert omgrepet ytringskultur lansert som alternativ til det utvida kulturomgrepet. Demokrati, rettferd og mangfald er grunnleggjande føringar for omgrepet ytringskultur. Ytringskultur er den verksemda som har meiningssskaping og kommunikasjon som hovudføremål, og som i denne samanheng vert delt inn i gruppene kulturarv (materieil og immaterieil), kunstnarleg verksemd, og det frivillige kulturlivet. Dette er også dei satsingsområde som er peika på i kulturstrategien vår. I tillegg er følgjande perspektiv peika på som særleg viktige:

- Barn og unge som morgondagens samfunnsbyggerar
- Den kulturelle grunnmuren gir tilgang til deltaking og oppleving
- Nynorsk skriftspråk er eit fullgodt brukspråk på alle samfunnsområde
- Kulturtilbod skal vere tilgjengeleg for alle

Gjennom utgreiingar og innsparingar i samband med SFj 2019 (og også før dette), har kultursatsinga tilpassa seg reduserte rammer. På fleire område er innsatsen no på eit minimumsnivå. Fylkeskommunen sin evne og vilje til å satse på kultur er kanskje viktigare i Sogn og Fjordane, med mange små kommunar, enn i mange andre fylke. Dette gir ein ekstra dimensjon til prioriteringane våre.

### 7.4.2 Programområde 740 – Bibliotek

Tenesta inneheld lønn og driftskostnader knytt til fylkesbiblioteket, inkludert driftsoppgåver og utviklingsarbeid. Av totalt vedtekne reduksjonar på 1,8 mill. kr på fylkesbiblioteket er 1,3 mill. kr gjennomført i 2015 og 2016 i samband med avvikling av bokbåtordninga. Reduksjon på 0,3 mill. kr i 2017 (og 0,2 mill. kr i 2018) kjem som følgje av HK-sak 18/15: «Økonomiplan 2016-19 prioriteringar». Dette vil redusere aktiviteten til fylkesbiblioteket ytterlegare.

PROGRAMOMRÅDE 740 – BIBLIOTEK					
Tenesteområde 7400	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Bibliotek	5,882	5,582	5,382	5,382	5,382
<b>Sum</b>	5,882	5,582	5,382	5,382	5,382

#### Fylkesbiblioteket

Fylkesbibliotekets oppgåver er bibliotekfagleg rådgjeving, kompetansebygging, prosjektutvikling, formidling og fellestenester for biblioteka i fylket. Eit sentralt mål er å styrkje dei regionale biblioteksamarbeida for å utnytte felles ressursar og skape sterkare fagmiljø. Fylkesbiblioteket syter for grunnleggjande infrastruktur som felles katalogsøk og transportordning mellom biblioteka, organiserer fylkesdekkande samarbeid om kjøp og utlån av e-bøker og har klasesett-tilbod til skulane. Innsamling og kvalitetssikring av bibliotekstatistikk er ei fylkeskommunal oppgåve.

Gjennom året arrangerer fylkesbiblioteket ei rekkje kurs og faglege samlingar for bibliotektilsette. I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) har vi ei ordning med «leseledarar», formidlarar av barne- og ungdomslitteratur, med særleg vekt på dei nynorske tekstane. Målgrupper er elevar og foreldre, lærarar og bibliotekarar.

Prosjektet «Lesarhistoria – ny veg til lesaren», har som mål å styrke litteraturformidlinga, og er eit samarbeid med bibliotek, skular og barnehagar i fylket, samt Høgskolen i Oslo og Akershus. Nasjonalbiblioteket har løyvt 0,9 mill. kr til prosjektet så langt. Ny løyving på 0,45 mill.

kr er venta i 2017. Prosjektet «Lettare litteraturnett» har samla motteke 0,52 mill. kr frå Nasjonalbiblioteket for, saman med Nordland fylkesbibliotek, å utvikle ein mal for digitale forfattarportalar basert på open kjeldekode. I 2016 har vi òg fått 0,17 mill. kr i støtte til utvikling av folkebiblioteket som formidlingsarena.

Fylkesbiblioteket arbeider for ei sterkare nasjonal satsing på lesing av nynorsk i eit felles initiativ med Foreningen Iles, Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet/Nynorsk kultursentrum, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og dei andre fylkesbiblioteka på Vestlandet.

### 7.4.3 Programområde 750 – Kulturminnevern

Programområde 750 inneheld lønns- og driftskostnader knytt til fylkesarkivet og fylkeskommunen sitt forvaltings-, drifts- og utviklingsarbeid innan kulturminnevern. Reduksjonane i budsjettet frå 2016 til 2017 vil gir redusert aktivitet både for Fylkesarkivet sin del (musikkdelen) og for det lovpålagte forvaltningsarbeidet innan arkeologi. Inntektene på oppdragsregistreringa er anslag og kan endre seg i løpet av året.

<b>PROGRAMOMRÅDE 750 – KULTURMINNEVERN</b>					
<b>Tenesteområde 7500</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Fylkesarkivet	7,725	7,075	7,075	7,075	7,075
Oppdragsregistrering	-0,872	-0,872	-0,872	-0,872	-0,872
Kulturmineutvikling	0,300	0,000	0,000	0,000	0,000
Kulturminnevern kontorbudsjett	6,245	5,545	5,545	5,545	5,545
<b>Sum</b>	<b>13,398</b>	<b>11,748</b>	<b>11,748</b>	<b>11,748</b>	<b>11,748</b>

#### Fylkesarkivet

Fylkesarkivet arbeider for å etterkome dokumentasjonsbehovet, retten til innsyn i forvaltninga og for å sikre at nødvendig dokumentasjon av fortida er tilgjengeleg, jf. Meld. St. 7 2012-2013. Fylkesarkivet tek vare på ein samla samfunnsdokumentasjon frå Sogn og Fjordane og syter for at denne dokumentasjonen er tilgjengelege for alle til ein kvar tid.

Webtenestene gir tilgang til fotodatabasar, digitale arkivdokument, stadnamn på kart, folkemusikk og kulturhistorisk leksikon. I samlingane ligg det enorme mengder informasjon.

Fylkesarkivet yter tenester til kommunane og fylkeskommunen slik at dei oppfyller lovkrava gjennom medlemskapen i kommunearkivordninga. Denne ordninga er sjølvfinansierende.

Fylkesarkivet tek imot og handsamar foto- og privatarkiv i Sogn og Fjordane. Arkivering av stadnamn og musikktradisjonar er andre oppgåver. Reduksjonen i budsjettet frå 2016 til 2017 medfører redusert innsats på musikk-satsinga.

Fylkesarkivet har jobbar utviklings- og prosjektretta, noko som gir gode utslag på tildelingar av nasjonale prosjektmidlar. T.d. har Fylkesarkivet siste par åra fått 0,85 mill kr i støtte frå Riksarkivet og 0,150 mill. kr i støtte frå Statens Vegvesen til prosjektet «Skulen min». I tillegg er vi i 2016 inne i det siste året for prosjektet «Semantisk teknologi og tenesteutvikling» som totalt er støtta av Riksarkivet med 0,85 mill. kr.

#### Kulturminne – forvaltning og utvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Fylkeskommunen har delegert statlege mynde for kulturminne som er automatisk freda og for freda bygg, jf «Forskrift om fagleg ansvarsdeling etter kulturminnelova». Arbeidet er i stor grad knytt til rettleiing til kommunar og private, uttale til kommunale arealplaner. Reduksjonen i kontorbudsjettet medfører strengare prioriteringar der lovpålagte oppgåver vil måtte gå føre drifts- og utviklingsoppgåver.

Fylkeskommunen gjennomfører også årleg arkeologiske registreringar av kulturminne knytt til kommunane sine arealplaner, vegplaner, private tiltak, m.m. Dette arbeidet er sjølvfinansierande. Omfanget varierer frå år til år. I 2015 var omsetninga for dette arbeidet om lag 2 mill. kr.

Fylkeskommunen sine prioriterte satsingar på kulturminnefeltet er forankra i det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminneområdet, jf. «Stortingsmelding nr. 35, 2012-2013: Framtid med Fotfeste, i den regionale satsinga på natur og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping», jf HPN-sak 71/13, og i «Kulturstrategi 2015-2018».

#### Lokale kulturminneplanar

Kulturminna er ein ressurs for verdiskaping og oppleving i lokalsamfunnet. Gjennom vår eiga satsing på lokale kulturminneplanar vil fokuset på kulturminna lokalt auke. Det er eit mål at kulturminneplanane vert eit nyttig og viktig verkty for kommunane både med tanke på kompetanseheving og på lokal samfunnsutvikling. Arbeidet er eit viktig bidrag til det nasjonale kunnskapsløftet på kulturminnefeltet. Fylkeskommunen sitt prosjektarbeid er planlagt avslutta i 2017. Deretter må arbeidet følgjast opp gjennom ordinær innsats. Prosjektet er finansiert gjennom eigne avsetjingar over åra 2012-2016, og tilskot frå Riksantikvaren som har lagt merke til denne satsinga, og har omtala ho i svært positive ordelag.

#### Verdiskapingsprosjekt

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i 2017 delta i verdiskapingsprosjekt «Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros». Dette er samarbeidsprosjekt med fem fylkeskommunar og fire bispedøme. Prosjektet vil gå i heile 2017 og deler av 2018. Kystpilegrimsleia har fylkeskommunal finansiering over infrastrukturmidlar knytt til oppfølging av reiselivsplanen.

#### Freda bygg og verdsarv

I 2016 har vi i alt fått 5,3 mill. kr til istandsetting av freda bygg i privat eige og det er allereie løyvd 1,0 mill. kr for 2017. I tillegg er vi tildelt 0,75 mill. kr til verdsarvområda. Deler av løyvinga frå Riksantikvaren vert nytta til fagleg oppfølging via eigen fast tilsett restaureringsleiar.

#### Fartøyvern

Fylkeskommunen har over fleire år løyvd tilskotmidlar til restaurering av fartøy, der løyving frå fylkeskommunen utløyser tilsvarande løyving frå Riksantikvaren (SAVOS-ordninga). Som del av innsparingar, har tilskota frå fylkeskommunen gradvis vorte reduserte og fall vekk i 2015. Fylkesdirektøren gjer merksam på at det enkelte fartøy kan søkje Riksantikvaren (som har ansvaret for fartøyvernet i Norge) direkte om midlar. I 2016 vart det løyvt om lag 13 mill. kroner frå Riksantikvaren til restaurering av fartøy i Sogn og Fjordane.

#### 7.4.4 Programområde 760 – Museum

Denne tenesta inneheld fylkeskommunen sine løyvingar til Musea i Sogn og Fjordane og til drifta av Gulatinget. Staten sitt tilskot til musea kan utgjere inntil 60% av det offentlege tilskotet. Resten, om lag 40% må finansierast lokalt/regionalt.

<b>PROGRAMOMRÅDE 760 – MUSEUM</b>					
<b>Tenesteområde 7600</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Musea i Sogn og Fjordane	15,589	14,089	13,989	13,989	13,989
Gulatinget	1,065	0,888	0,888	0,888	0,888
Måløyraidsenteret	0,800	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Sum</b>	<b>17,454</b>	<b>14,977</b>	<b>14,877</b>	<b>14,877</b>	<b>14,877</b>

#### Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane har ansvar for drifta av dei regionale kulturhistoriske musea med sine underavdelingar, kunstmuseet med sine underavdelingar og Norsk Kvernsteinsenter. Fylkeskommunen yter tilskot til drifta av Musea i Sogn og Fjordane. I 2016 vart det løyvd 15,589

mill. kr. Staten si løyving til Musea i Sogn og Fjordane er i 2016 34,9 mill. kr. Kommunane sitt samla tilskot til drifta av musea i 2016 er om lag 4,5 mill. kr.

Det er sett i gong arbeid med å forhandle fram ein ny finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane og kommunane, og denne er til handsaming i kommunane hausten 2016 med tanke på iverksetjing i 2017. Ein vedteken reduksjon i det fylkeskommunale tilskotet på 3 mill. kr vart i samband med budsjetthandsaminga for 2016 justert til 1,5 mill. kr. Dei samla kommunale tilskota til drift av musea er såleis forventa å auke med 1,5 mill. kr. For 2017 er det budsjettert med ei fylkeskommunal løyving på 14,089 mill. kr.

#### Fellesmagasin

I tråd med fylkestinget sitt vedtak i sak 68/15 vert det no utarbeidd eit forprosjekt for eit nedskalert «Kløften». Forprosjektet skal vere grunnlag for ev søknad til staten 01.03.17 om tilskot til investering og drift. Fylkesdirektøren viser også til notat til FU 22.06.16 der det er skissert to løp når det gjeld magasindelen. Magasinsituasjonen for Musea i Sogn og Fjordane er så kritisk at dei også ønskjer å arbeide vidare med ei mogleg magasinløyving for større gjenstandar og maskiner gjennom kjøp av Ramstad eskefabrikk. Om dette vert realisert, kan det påverke endeleg løyving. Så langt er det ikkje komme til noko løyving med ev bruk av Ramstad Eskefabrikk.

Gjennom forprosjektet «Kløften» vil det også utkrystallisere seg kostnader til drifta av nybygget, og det må utviklast eit finansieringsopplegg for dei auka driftskostnadane. Fylkeskommunen må, saman med stat og kommunar, vere budd på å bidra til å finansiere dei auka driftskostnadane, jf. vedtak i HK-sak 18/15. Dette er det så langt ikkje teke høgde for i økonomiplanen, og vi må komme attende til nivå på denne auken i samband med økonomiplanarbeidet våren 2017.

#### Måløyraidsenteret

Stortinget har via Musea i Sogn og Fjordane gitt 2 mill. kr til investeringar i Måløyraidsenteret. Staten sitt tilskot til drifta av musea er auka opp med 0,6 mill. kr for at dei skal kunne ta ansvar for drifta av senteret. Musea i Sogn og Fjordane har i sin søknad til staten for 2017 svart på dette med å søkje om auke i tilskot for å kunne ta ansvar for drifta av Måløyraidsenteret. Fylkestinget har i sitt vedtak i sak 21/16 sagt følgjande: «Det vert løyvt 0,8 millionar i investeringsstøtte til realisering av Måløyraidsenteret, bufferfondet vert redusert tilsvarande. Ein føresetnad for løyvinga er at det ikkje medfører krav om driftsmidlar frå Fylkeskommunen til senteret.»

Det er så langt ikkje avklart om føresetnadane for fylkestinget sitt vedtak er til stades.

#### Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er 1,065 mill. kr i 2016. Fylkeskommunen svarar for inntil 70 % og Gulen kommune 30 % av tilskotet til drifta. Frå og med 2017 er det budsjettert med årlege løyvingar på 0,888 mill. kr. Eigen strategi for vidare utvikling av tusenårsstaden vart vedteken i FT-sak 57/15.

#### 7.4.5 Programområde 771 – Kunstformidling

Føremålet med dette programområdet er å stimulere til eit mangfald av kulturaktivitet, der innbyggjarane kan delta i kulturaktivitet og oppleve profesjonell kunst og kultur. Dei ulike tenestene skal bygge opp under målet om at kunst og kultur skal vere tilgjengeleg for alle. Programområdet er redusert med 0,3 mill. kr frå 2016 til 2017. Dette kjem i tillegg til ein reduksjon på 0,75 mill. kr frå 2015 til 2016.

<b>PROGRAMOMRÅDE 771 – KUNSTFORMIDLING</b>					
<b>Tenesteområde 7710</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Den kulturelle skulesekken	0,366	0,266	0,166	0,166	0,166
Digital kulturformidling	0,162	0,162	0,162	0,162	0,162
Kultur og Helse	-0,103	-0,103	-0,103	-0,103	-0,103

Den kulturelle spaserstokken	1,015	1,015	1,015	1,015	1,015
Skule- og barnehagekonsertar	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Distriktsmusikarane	2,420	2,420	2,420	2,420	2,420
Fylkesmusikarordninga	0,980	0,780	1,180	1,180	1,280
Kunstformidling kontorbudsjett	5,003	5,003	5,003	5,003	5,003
<b>Sum</b>	<b>9,943</b>	<b>9,643</b>	<b>9,943</b>	<b>9,943</b>	<b>9,943</b>

### Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing på kultur for barn og unge. I Sogn og Fjordane når den alle born i grunnskulen og den vidaregåande skulen med fire profesjonelle kulturopplevingar kvart år innan dei ulike kulturuttrykka (musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, kulturarv). Det er eit mål å utvikle fleire tilbud frå institusjonane i fylket, bruke fleire kunstnarar frå eige fylke, og auke tilgangen på gode nynorskproduksjonar i heile DKS-systemet. Fylkeskommunen sitt tilbud kjem i tillegg til det kommunane/skulane sjølve planlegg og gjennomfører som del av del lokale skulesekken.

### Digital kulturformidling

Målet er at digital formidling skal vere ein integrert og naturleg del av kunst- og kulturformidlinga i Sogn og Fjordane. Publikum ventar at formidling av kultur er tydeleg og lett tilgjengeleg gjennom digitale verktøy. Utvikling, nyskaping og kreativitet i kulturformidlinga er difor essensielt. Digital kompetanse og formidling er prioritert i Kulturstrategi 2015-2018.

### Kultur og helse

For å bidra til at alle skal kunne ta del i ulike kulturopplevingar jobbar fylkeskommunen utviklingsretta og heilskapleg. Dette inneber satsing på universell tilgang for alle, integrering og betre samhandling mellom kultur- og helsesektor. Det er tett samarbeid med forskingsmiljø, kommunar, institusjonar og frivillige i fylket. Kompetanseheving gjennom kurs og konferansar, samt nettverksarbeid og rettleiing er viktig arbeidsform. Undervisning og studentpraksis gjennom utdanningsinstitusjonar, årleg kulturfestival for utvikingshemma i fylket, tiltak for eldre og integreringsarbeid med flyktingar er tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd og tilgjenge for i alle.

### Den kulturelle spaserstokken

Kommunane kan søkje om midlar som skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

### Musikk

Fylkeskommunen har som mål å legge til rette for at musikk av høg kvalitet skal gjerast tilgjengelig for flest mogleg i fylket, slik at ein kan styrke omfanget og kvaliteten på formidlinga, stimulere til utvikling av tverrfaglege og fleirkulturelle produksjonar, legge til rette for stor sjangerbreidde og samarbeid mellom amatørar og profesjonelle, gjerne på tvers av sjangrane.

### Skulekonsertar, barnehagekonsertar og grendakonsertar i samarbeid med Rikskonsertane.

Skulekonsertordninga er ei nasjonal ordning som er finansiert av Kulturdepartementet. I barnehagekonsertordninga deler Rikskonsertane og fylkeskommunen kostnadene likt. Vi når born heilt ned i 3-års alderen. Rikskonsertane vert frå 2017 Kulturtanken, og det vil kunne medføre at fylkeskommunen får overført fleire oppgåver knytt til skulekonsertane, som no vil verte meir integrert i Den kulturelle skulesekken.

### Distriktsmusikarordninga

Løyvinga til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen sin del av lønskostnadane (25%) knytt til 15 stillingar som distriktsmusikarar i Førde og Gloppen kommunar og i Sogn (Leikanger, Luster og Sogndal kommunar). Stillingane bidreg til at fylket har profesjonelle musikarar på høgt nivå, som også underviser også i kulturskulane. Distriktsmusikarane turnerer også med skule- og barnehagekonsertar i heile fylket, og deltek i ulike prosjektretta musikksatsingar i heile fylket.

### Fylkesmusikarordninga

Ordninga er vedteke vidareført ved etablering av distriktsmusikarstillingar. Dette vedtaket har vorte utsett i påvente av økonomiske avklaringar i samband med dei reduksjonane fylkeskommunen no er inne i. Med dei løyvingane som no ligg i økonomiplanen vil vi kunne gå vidare med denne omlegginga med tanke på iverksetjing i 2018, og førebuing av dette er i gang. Føresetnaden for å lukkast med denne modellen er at kommunane blir med på iverksetjinga.

#### 7.4.6 Programområde 772 – Kunstproduksjon

Tenesta inneheld fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til kulturinstitusjonane. Føremålet er å bidra til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane.

<b>PROGRAMOMRÅDE 750 – KUNSTPRODUKSJON</b>					
<b>Tenesteområde 7720</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7720 – Førdefestivalen	3,319	3,341	3,341	3,341	3,341
7720 – Norsk Country treff	0,852	0,893	0,893	0,893	0,893
7720 – Opera Nordfjord	1,436	1,475	1,475	1,475	1,475
7720 – Sogn og Fjordane Teater	5,998	6,001	6,001	6,001	6,001
Ufordelt innsparingskrav til kulturinstitusjonar	0	-0,200	-1,000	-1,000	-1,000
<b>Sum</b>	<b>11,605</b>	<b>11,510</b>	<b>10,710</b>	<b>10,710</b>	<b>10,710</b>

Institusjonane er svært viktige for regionen for å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar. Dei er også viktige for å gi profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar ein arbeidsplass. Dei bidreg også i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane genererer statlege og kommunale tilskot på om lag 35 mill. kr til dei fire institusjonane.

Staten har avvikla knutepunktordninga og overført ansvaret for desse institusjonane til Norsk kulturråd. Det kjem endringar i ordninga frå 2018, men i 2017 kan dei tidlegare knutepunktinstitusjonane, Norsk countrytreff (NCT) og Førdefestivalen, forvente tilskot på same nivå som 2016. Finansieringsavtalen med 60/30/10 fordeling mellom stat/fylke/kommune er sagt opp av staten, med verknad frå 01.07.17. Fylkesdirektøren rår til at tilskotet i 2017 vert følgt opp som avsett i økonomiplan medan vi ventar på ny ordning.

Reduksjonen på 0,2 mill kroner vart i 2016 fordelt likt med 50 000 kr på kvar av institusjonane. Fylkesdirektøren rår til at det framover vert lagt ei meir kvalitativ vurdering til grunn for reduksjonane. Desse institusjonane er spydspissar i fylkeskommunen si kultursatsing, og vi må sjå på institusjonane sine kunstneriske evner og ambisjonar, arbeidsmåtar og verkeområde. Ut frå dette vil fylkesdirektøren rå til at reduksjonane vert fordelt på institusjonane ut frå slik prioritering:

- Førdefestivalen
- Sogn og Fjordane Teater
- Opera Nordfjord
- Norsk Countrytreff

Endeleg forslag til fordeling av fylkeskommunal løyving vil bli lagt fram i budsjettsaka som kjem til hovudutvalet i november. Då vil vi også til ein viss grad kunne ta høgde for staten sine løyvingar til Sogn og Fjordane teater og Opera Nordfjord.

#### 7.4.7 Programområde 775 – Fysisk aktivitet og idrett

Føremålet med tenesta er å gi alle høve til å vere tilstrekkeleg fysisk aktive og spreie kunnskap om fysisk aktivitet. Dette er stadfesta i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 som er det førande plandokumentet for arbeidet på dette programområdet. Reduksjonen på programområdet frå 2016 til 2017 er knytt til eingongsløyving til Langeland skisenter i 2016.

<b>PROGRAMOMRÅDE 775 - FYSISK AKTIVITET OG IDRETT</b>					
<b>Tenesteområde 7750</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Idrett, tilskot	2,105	1,505	1,505	1,505	1,505
Idrett kontorbudsjett	1,188	1,188	1,188	1,188	1,188
<b>Sum</b>	<b>3,293</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>

#### Tilskot til idrettsorganisasjon

Fylkeskommunen støttar fylket sin største frivillige organisasjon, Sogn og Fjordane idrettskrins med 1,25 mill. kr. Løyvinga har vore stabil i mange år.

#### Drift idrettsanlegg

Fire langrennsanlegg er peika ut til å få fylkeskommunalt driftstilskot i perioden med til saman 0,200 mill. kr. Føresetnaden er at kommunane som har anlegga gir same sum i tilskot til drifta.

#### Spelemidler

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» legg føringar som vrir større del av løyvingane inn mot nærmiljøanlegg, friluftslivsanlegg og turveggar/løyper i nærmiljøet. Spelemidlane til anlegg for idrett, friluftsliv og kulturbygg utgjer i 2016 om lag 50 mill. kr. Dette aleine skapar ein omsetnad i byggenæringane på over 150 mill. kr.

#### Tilskot til idrettsanlegg

Søknad om auka løyving til Hafstadparken er omtalt under pkt. 6.2. Vurdering av søknaden ligg som vedlegg 2.

### 7.4.8 Programområde 790 – Andre kulturaktivitetar

Føremålet med tenesta er delt i to:

- Barne og ungdomssatsingar, der ein legg vekt på kreativ eigenaktivitet og demokratibygging og kunnskapsheving i det å delta i demokratiet og politiske prosessar
- Frivillig sektor, etablering partnerskap gjennom utviklingsavtalar, økonomisk støtte til drift og utvikling gjennom tilskot til organisasjonar, aktivitetar, utviklingstiltak, festivalar, stipend og fylkeskulturpris.

<b>PROGRAMOMRÅDE 790 - ANDRE KULTURAKTIVITETAR</b>					
<b>Tenesteområde 7900</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
Ungdomspolitiske utval	0,169	0,169	0,169	0,169	0,169
Fylkesting for ungdom	0,032	0,032	0,032	0,032	0,032
Ung kultur møttest (UKM)	0,756	0,776	0,776	0,776	0,776
Kulturmidlar til organisasjonar, stipend/pris, festivalar og arrangement	4,214	3,891	3,891	3,891	3,891
Utviklingsmidlar kultur	2,600	0	0	0	0
Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,239	3,219	3,219	3,219	3,219
<b>Sum</b>	<b>11,010</b>	<b>8,087</b>	<b>8,087</b>	<b>8,087</b>	<b>8,087</b>

Reduksjonen på programområdet frå 2016 til 2017 kjem av utfasing av øyremerka tilskot til Hafstadparken og løyving til utviklingsavtale med Selje kommune. I tillegg reduksjon på tilskotsmidlane til frivillig sektor, jf. vedtak i økonomiplanen.

#### Ungdomspolitisk utval og Fylkesting for ungdom

Tenesta inneheld driftskostnadar til drift av ungdomspolitisk utval og gjennomføring av nettverkssamlingar for ungdomsråd i fylket samt det årlege Fylkesting for ungdom. Dette er viktige demokratiske organisasjonar for både deltaking i, og læring av, demokratiske prosessar.

Ung Kultur Møtest(UKM, tidlegare ungdommens kulturmonstring)

UKM bidreg til lokal aktivitet, og lærer dei unge kreativitet, det å skape og det å delta på store kulturarrangement. UKM er innarbeidd som den viktigaste visningsarena for barn og unge. Fylkeskommunen utviklar UKM både i kommunane og på fylkesnivå, særleg gjennom regional ungdomsressursgruppe (URG).

Frivillig sektor

Frivillig sektor er viktig i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har difor valt å skjerme tilskota til dei regionale organisasjonane så langt som råd. På sikt er det eit mål å auke denne støtta, men slik økonomien er no er det ikkje rom for dette.

Reduksjonane i tilskot til frivillig sektor har så langt råka dei organisasjonane og dei tiltaka som får sine tilskot frå dette programområdet, medan tilskota til idrett og anlegg ikkje har blitt redusert. Fylkesdirektøren vil signalisere at vi bør sjå nærare på dette, t.d. i samband med økonomiplanarbeidet i 2017.

Fylkeskommunen, saman med kommunane Førde, Sogndal, Gloppen og Florø har hatt avtale med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) om speling i Sogn og Fjordane i perioden 2014-2017. Hovudutval for kultur sa i sitt vedtak i HK-sak 18/15 m.a. at denne samarbeidsavtalen ikkje skulle vidareførast etter 2017. Det er enno ikkje avklara om kommunane går vidare med samarbeidet med BFO når fylkeskommunen no går ut av samarbeidet.

Omlagging av tilskotsordningane til frivillig sektor

Fylkesdirektøren har sett i gong eit utviklingsarbeid for å samordne, forenkla og spisse tilskotsordningane til frivillig sektor. Dette inneber m.a. avsetting direkte i budsjettet til regionale organisasjonar og regionale samarbeidstiltak. Fylkesdirektøren vil komme tilbake med oversikt over kva organisasjonar og tiltak dette kan vere aktuelt for i samband med budsjettsaka i november. Dei resterande midlane vert fordelt etter søknad til samla søkjarmasse.

Det nynorske språket

Språket vårt handlar om identitet vår, som menneske og fylke. Nynorsk skal vera eit eige satsingsområde i den regionale politikken og kultursatsinga. Det er ikkje sett av eigne midlar til ei slik satsing, forutan dei midlane som vert gitt som tilskot. Nynorsksatsinga inngår elles som ein integrert del i alt arbeid vi gjer innan kultur.

**7.5 PROGRAMOMRÅDE 480 - FOLKEHELSE**7.5.1 Tilpassing til rammene – programområde 480

Endra fokus og innretning på folkehelsearbeidet ved avslutning av partnerskapsavtale med kommunane etter 2016 inneber m.a. avvikling av tilskotsordninga retta mot folkehelsekoordinator i 22 kommunar i fylket. Dette gir ei innsparing på 3,300 mill. kr frå 2017.

7.5.2 Folkehelsearbeidet

Føremålet med tenesta er å fremje gode levekår og livskvalitet for innbyggjarane i fylket. Tenesta omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelseleva og fylkeskommunale satsingar.

<b>PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESGIFTER (FOLKEHELSE)</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4802 – Folkehelsearbeid	4,725	1,500	1,500	1,500	1,500
4802 – Kontorbudsjett	0,806	0,806	0,806	0,806	0,806
<b>Sum</b>	<b>5,531</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>

Tenestområdet omfattar drift av partnerskapen, satsingsområde i høve vedteken folkehelseplan og helseovervaking. Regional plan for folkehelse 2015 – 2018 styrar arbeidet. Iverksetting av tiltak og gjennomføring av handlingsprogram er prioritert.



Hovedområda for arbeidet er knytt til partnerskapsarbeid og helseovervaking. Satsingsområda på området er:

- Lærande organisasjonar i plan og lokalsamfunnsutvikling
- Gode bu- og nærmiljø
- Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule
- Trivselsfremjande fritid
- Helsefremjande arbeidsliv

## **8. Oppsummering**

Hovedutval for næring og kultur gjer slike førebelse prioriteringar:

<b>Programområde 400 – Politisk styring</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4005 – Hovedutvalet for næring og kultur – til disposisjon	1,250	1,850	1,850	1,850	1,850
<b>Sum</b>	<b>1,250</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>	<b>1,850</b>

<b>PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7010 – Bedriftsretta satsingar	31,000	30,900	30,600	30,600	30,600
7011 – Kommunikasjonsteknologi	1,140	10,277	4,140	4,140	4,140
7012 – Bransjeretta satsingar	9,830	8,530	8,410	8,490	8,570
7015 – Nyskaping	21,000	21,214	21,634	21,554	21,474
7018 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 – Andre næringsområde	2,842	2,977	2,977	2,977	2,977
7019 – Kontorbudsjett	9,696	9,346	9,346	8,946	8,946
<b>Sum</b>	<b>81,333</b>	<b>89,069</b>	<b>82,932</b>	<b>82,532</b>	<b>82,532</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 – Kontorbudsjett	0,760	0,800	0,800	0,800	0,800
<b>Sum</b>	<b>1,860</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>	<b>1,900</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 740 – 790 – Kultur</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
7400 – Bibliotek	5,882	5,582	5,382	5,382	5,382
7500 – Kulturminnevern	7,153	6,203	6,203	6,203	6,203
7600 – Museum	17,454	14,977	14,877	14,877	14,877
7710 – Kunstformidling	4,940	4,640	4,940	4,940	4,940
7720 – Kunstproduksjon	11,605	11,510	10,710	10,710	10,710
7750 – Fysisk aktivitet og idrett	2,105	1,505	1,505	1,505	1,505
7900 – Andre kulturaktivitetar	7,771	4,848	4,848	4,848	4,848
7500 – Kulturminnevern kontorbudsjett	6,245	5,545	5,545	5,545	5,545
7710 – Kunstformidling kontorbudsjett	5,003	5,003	5,003	5,003	5,003
7750 – Fysisk aktivitet og idrett kontorbudsjett	1,188	1,188	1,188	1,188	1,188
7900 – Andre kulturaktivitetar kontorbudsjett	3,239	3,239	3,239	3,239	3,339

<b>Sum</b>	<b>72,585</b>	<b>64,240</b>	<b>63,440</b>	<b>63,440</b>	<b>63,440</b>
------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.

<b>PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)</b>					
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>	<b>B-2020</b>
4802 – Folkehelsearbeid	4,725	1,500	1,500	1,500	1,500
4802 – Kontorbudsjett	0,806	0,806	0,806	0,806	0,806
<b>Sum</b>	<b>5,531</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>	<b>2,306</b>

Vi har inkludert kontorbudsjettet i oppsettet for å vise fordelinga av den totale ramma.